

Til høyringsinstansar

Midtun, 16.02.2021

Vår ref: 101183

Kommunens saksnummer: 20/16534

## **VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERINGSPLAN FOR AMUNDSNESET, GNR 30 BNR 150 OG 255 MFL., SØRE ØYANE, BJØRNAFJORDEN KOMMUNE, PLAN-ID 20200500.**

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8 vert det med dette varsla oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Amundsneset, Gnr 30 Bnr 150 og 255 mfl., Søre Øyane, Bjørnafjorden kommune, Plan-ID 20200500. Forslagsstillar er Samba Eiendom AS. A/STAB er utførande konsulent for planlegginga. Planområdet er på om lag 14,5 daa og er avgrensa som vist i varselkartet. Vegareal langs Røtingavegen er inkludert for å vise tilhøva rundt Lepsøybrua, sikre frisiktsoner og for å kunne utbetre kryss etter gjeldande krav.

Planområdet er i dag ikkje regulert. I arealdel til kommuneplanen er planområdet sett av til industriføremål, og området vest for eigedommane er avsett til friområde, bustadområde og anna byggeområde. Området i sjøen har føremål for småbåtanlegg. Føremålet med reguleringsplanen er å regulere området til industri og kai, inkl. kontor og opphaldsrom innafor føremålet «anna næring». Områda i sjøen vil verte regulert til hamneområde i sjø. Det vil i tillegg regulerast noko vegareal innafor føremålet veg eller køyreveg og fortau. Planarbeidet er vurdert til ikkje å utløyse krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova § 4-2.

Kunngjeringa og referat frå oppstartmøtet er lagt ut på heimesida til A/STAB, [www.a-stab.no](http://www.a-stab.no), via lenka «Kunngjøringar». Dei som etter lova har krav på skriftleg varsel om planoppstart vert varsla direkte med brev.

Eventuelle merknader eller innspel til planarbeidet kan sendast skriftleg til A/STAB AS, Ulsmågvegen 7, 5224 Nesttun, eller per e-post til [post@a-stab.no](mailto:post@a-stab.no). Merknadsfrist er satt til 16.03.2021. Alle mottekne dokument vert sendt til kommunen saman med planframlegget.

For meir informasjon om planarbeidet, kontakt A/STAB AS, tlf: 902 57 455.


Venleg helsing  
A/STAB AS



---

Gaute Baarøy

Vedlegg: Varselkart



**Varselkart**  
Detaljregulering for  
Amundsneset

Plan-ID: 20200500

1:1000 i A4

